



Til kommunane i Hordaland
v/rådmennene

Vidaresender brev frå Barne- og likestillingsdepartementet om kommunens åtgang til å nytta private aktørar

Barne- og likestillingsdepartementet har i vedlagte brev av 20.10.2017 klargjort kor grensene for barnevernstenestas bruk av private aktørar går. I brevet går det frem at barnevernstenesta ikkje kan la private utøva offentleg myndigheit på deira vegne. Det er såleis lovstridig å overlata følgjande myndigheit og oppgåver til private:

- barnevernsleiarfunksjonen (også fungerande leiar)
- myndigheit til å fatta vedtak
- mottak og vurdering av bekymringsmeldingar
- gjennomføring av undersøking
- vekklegging av undersøkingar
- avgjerd om å fremja sak for fylkesnemnda
- møte i fylkesnemnda som partsrepresentant
- oppfølging og evaluering av hjelpetiltak
- rekruttering av fosterheim i familie og nettverk
- val og godkjenning av fosterheim til det enkelte barn
- rettleiing, oppfølging og kontroll av fosterheimar
- oppfølging av barn under omsorg
- krav om politibistand etter barnevernslova § 6-8

Kommunar som nyttar private aktørar til slike oppgåver, må straks avvikla denne praksisen.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Kristina Munkejord
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrifter.

Vedlegg: Brev frå Barne- og likestillingsdepartementet, dagsett 20.10.2017